

# ÅRSMELDING

for

## SVEIO O-LAG

2011



## **Styret og utval har i 2011/2012 vore samansett slik:**

### **Hovudstyret:**

Thomas Førde, leiar  
Hjalmar Lokna, nestleiar og skrivar  
Kristian Sandvik Førde, kasserar  
og it-ansvarleg  
Lillian Wirkola, styremedlem  
Unn Rognerud, styremedlem  
Geir Milford, varamedlem  
Kjetil Fiskå, varamedlem

### **Tur-o-utvalet:**

Thomas Førde  
Unn Rognerud  
Øystein Opedal  
Astrid Nesse  
Kristina Enerstvedt  
Karl Inge Instefjord  
Leif Grutle

Kjetil Fiskå representerte SOL under Rogaland o-krets sitt ting i februar 2011. Thomas Førde representerte SOL i Sveio Idrettsråd og var styreleiar i idrettsrådet fram til årsmøtet i april.

Lillian Wirkola har representert SOL i representantskapets årsmøtet i Førde Samfunnhus, der Sveio O-lag har eigardel. Sveio Orienteringslag hadde ved årsskiftet 94 betalande medlemmer. Dette er ein auke på 12 medlemmer sidan førre årsskifte.

## **Eigne arrangement i konkurranseorientering**



### **Kretsløp frå Festningen Tittelsnes**

Lørdag 4. juni arrangerte Sveio O-lag kretsløp i orientering med samlingsplass, start og mål på Festningen Tittelsnes. Thomas Førde var ansvarleg for løypene, Kristian S. Førde hadde ansvaret for påmelding, tidtaking og resultatservice, medan Kjetil Fiskå var løpsleiar. Mange andre i SOL var dessutan viktige funksjonærar denne dagen med alt frå starting, parkering,

utplassering og kontroll av postar, kiosk-drift, opp- og nedrigging av utstyr m.m.

Sveio O-lag kunne tilby dei 118 deltakarane åtte ulike løyper (inklusiv småtroll) i eit særskilt ver. Stemnet var løp nummer sju for sesongen i Rogaland O-krets si samanlagtsevling (kretsranking). Mange av deltakarane drog vidare neste dag til KM Mellom på Torvastad.

Resultatlista og løyper ligg på SOL si heimeside:

<http://sveiool.org/index.php?mode=ny&se=ny&id=150>

## **Nærlosp 23. august ved Joavatnet**

Om lag 50 o-løparar frå heile Haugalandet stilte til start i Sveio O-lag sitt nærlosp tirsdag 23. august. Samlingsplass, p-plass og mål var lagt til Førde Vassverk ved Joavatnet. Start for dei lengste løypene gjekk frå Sponavika i nordre enden av Joavatnet. Thomas Førde og Kjetil Fiskå hadde laga fem ulike løyper med postar i terrenget rundt Joavatnet.

Nær-o-løpet var ein del av nær-o-løpskarusellen for klubbanne på Haugalandet, der poeng frå kvar tevling tel samanlagt. Resultatlista ligg på Sveio O-lag si heimeside:

<http://sveiool.org/lop/nk2011/>

## **Konkurranseorientering, deltaking.**



*Troppen frå Sveio O-lag i Sverige under fem dagars o-løp på siste tevlingsdag i Hälsingland. Frå venstre i fremste rekke: Sunniva S. Førde, Bjørnar S. Førde, Jørgen Fiskå og Louise Fiskå. I Bakre rekke frå venstre: Kristian S. Førde, Thomas Førde, Astrid Sandvik, Kjetil Fiskå og Eli Fiskå.*

”Herliga sommardagar” blei det for åtte av Sveio o-lags løparar i Hälsingland i Midt Sverige, 25 mil nord for Stockholm. Deltaking i verdas største orienteringskonkurranse (O-ringen, eller Fem-dagars) er blitt sommartradisjon for fleire av laget sine løparar. Aldri før har utanlandstroppen frå SOL vore så talrik.

Sidan søndag 24. juli deltok dei åtte aktive frå Sveio o-lag i fem konkuransar kvar. Veret blei fantastisk bra dei siste dagane, men starta med nokre skremmande regnbyger. Arrangementet med meir enn 10 000 deltakarar i 85 ulike konkuranseklassar er så velorganisert at alt fungerar knirkefritt om det er regn eller sol.

Terren og løyper kan vera noko ulikt det me er van med her heime. Løypene er jamt over lengre og med vanskelegare orientering. I dei svenske skogane denne gongen var det rikeleg med store steinar høgder og små kollar, tett vegetasjon, steinte skogsbotn og dels vanskeleg framkommeleg terren.

Likevel oppnådde laget sine løparar fleire gode resultat. Samanlagt hevda Bjørnar S. Førde seg best med ein 6. plass i ungdomsklasse 4. Louise Fiskå blei nr 10 i same klasse samanlagt. Sunniva S. Førde blei til slutt nr. 17 i klasse D 17-20 der om lag 40 løparar deltok. Jørgen Fiskå blei nr. 22 samanlagt i den store nybegynnarklassen for gutter.

**Kretsløp:** Laget sine løparar deltok dessutan mellom anna i det årvisse Kristornløpet på Stord i april, i KM Mellom på Torvastad i juni og i kretsløp i Suldal i haust.

**Nærlosp:** Dessutan har åtte av lagets løparar deltatt i eit eller fleire løp som utgjer delar av dei i alt åtte konkurranseane som samanlagt utgjer premieleista for Haugaland-rankingu. Sjå samanlagt resultata her:

<http://hilorientering.no/Dokumenter/Resultater/>

## KART-ARBEID

I året som gjekk blei det lagt ned ein god del arbeid i avsluttande rekneskapsrapportar til fylkeskommunen. Tre rekneskapsrapportar blei levert inn etter arbeidet med dei tre nyaste karta me har fått produsert, Tittelsnes Festningen (1: 10 000), Valestrand skule (målestokk 1:2500) i same prosjekt som nærkartet Einstabøvoll (1: 5000) pluss turkart/o-kart Einstabøvoll (1 : 10 000).

Dei tre rapportane førte til at SOL til slutt fekk utbetalt via kommunen dei siste 15 prosentane av innvilga spelemidlar.

Samtidig har SOL starta førebuingane til nye kartprosjekt. Terrenget mellom Mølstrevåg-Ryvarden og Lyngholm blir truleg det neste området som blir kartlagt til bruk for o-sporten.

## *Skulesprinten*

To orienteringsdagar blei arrangert ved Førde skule i juni.

**Mellomtrinnet:**





Mandag 20. juni deltok meir enn 50 elevar i mellomtrinnet (5., 6. og 7. klasse) ved Førde skule i Sveio O-lags skulesprintarrangement. Det var laget sine ungdommar, Johannes, Bjørnar og Sunniva, som stod for det sportslege og faglege innhaldet. Dei fekk god funksjonærstøtte frå Unn og Lillian i o-lagets styre. Lærarar blei også engasjerte på funksjonærssida.

Aktivitetsdagen opna med ein halvtimes teoriundervising om kart og kompass. Deretter gjekk elevane klassevis til kvar sin aktivitetstasjon langs ei rundløype. På den eine stasjonen blei elevane gjort kjent med kart gjennom kartteikn-stafett.

Deretter kunne denne gruppa flytta seg til neste stasjon som utfordra elevane gjennom ei hinderløype med tidtaking ved hjelp av databrikker.

På den tredje aktivitetsposten, som klassane skulle besøkja, var tilbodet stjerneorientering.

Det går ut på at deltakarane får teikna inn ein post på kartet. Posten skal dei deretter ut i terrenget for å finna. Når posten er funnen ved hjelp av navigasjon etter kartet, skal deltakaren tilbake til utgangspunktet å få teikna inn ein ny post på kartet.

Aktivitetsdagen blei avrunda med ei enkel o-løype, som alle elevane kunne delta i og dermed få testa nyvunne kunnskapar om kart og kompass.

Til sist blei alle premierte med saft og pølser i brød. Dessutan vanka det ein deltakarpremie til kvar einskild elev frå Norges Orienteringsforbund.

## **Ungdomsskulen:**



30 elevar i 9. klasse ved Førde ungdomsskule, saman med fire lærarar og skuletilsette, tok sykkeltur til Lier der fire av o-lagets medlemmer hadde gjort klart for ein heil aktivitetsdag i orientering i juni.

Dagen opna med litt teori om kart og kartteikn. Deretter blei elevflokken delt inn i tre

grupper. Kvar gruppe gjekk til sin aktivitetspost. Gruppene rullerte rundt til dei tre ulike stasjonane på ei rundløype i terrenget.

Dei tre aktivitetane var stjerneorientering, hinderløype med tidsaking i sokkvått skogsterreng og Følg-John. Denne sistnemnde øvinga går ut på at elevane følgjer etter ein leiar rundt i terrenget. Når leiaren stoppar skal elevane straks kunne peika på kartet og fortelja kvar ein har stoppa.

Midt på dagen spanderte o-laget nygrilla pølser i brød til alle deltarar og skuletilsette. Etter ei kort matpause vart det rigga til eit avsluttande orienteringsløp med med seks postar. Her kunne elevane springa i par eller saman med to andre medelevar. Alle fullførte.

## Premie frå O-forbundet

Ved slutten av fjarårs sesongen blei Sveio O-lag utplukka av Norges Orienteringsforbund til å ta i mot ein gavesjekk frå Idrettsbutikken som takk for innsatsen ved årets skulesprintarrangementet. Ei flott og oppmuntrande premiering dette.

---

# Turorientering

**Foto-orientering:** Nytt tilbod frå SOL i 2011 var Foto-orientering. Ni detaljbilder var henta frå ulike bygningar og stader i Førde sentrum. Desse bileta fekk tilordna kvar sin bokstav. Både foto og like mange bokstavar var gjengitt på eit ark saman med eit kart over Førde sentrum med inntekna ni postar der dei ni fotografiene var tekne. Foto, kart og oppgåver blei distribuert i butikkar, på bensinstasjon og til skular pluss i tur-o-konvoluttane. Utfordringa til deltarane var å finna ut kvar dei ulike foto var tekne. Deltakarane blei oppmoda til å senda sine løysingar og delta i loddtrekking om premiar.

SOL fekk god respons på dette nye tilbodet, som kan vera veleigna som introduksjon til orientering.

**Familieturorientering:** Fra og med søndag 10. april var tur-o-postane klar for besøk.

Seks ulike kart låg i årets tur-o-konvolutt. Lengst nord var lagt ut tur-o-postar på Tittelsnes ved bruk av det nye kartet Festningen. Vidare sørover blei det sett ut postar på Einstabøvoll og på Hope og Liereid. Lier-kartet over terrenget mellom Førde og Røykenes blei også tatt i bruk. Det same gjorde det store kartet i Auklandshamn og Sveio Vest ved Fjellstad og Paddevegen.

Tur-o-materiell var i salg på følgjande stader, Haukås Bensinstasjon, Førde Dagligvare og Sparebanken Vest.

Salet av den store tur-o-mappa var om lag like bra som året før. 104 deltarar konvoluttar blei selt i 2011.

**Barnas tur-o:** Årets tur-o-mappe for barn inneholdt fem ulike kart. Lengst nord var postar lagt ut mellom Valevåg og Einstabøvoll. Vidare var det postar nær Førde, nær Auklandshamn skule og i friluftsområdet Slettene. Fem postar var lagt ut nær Fjellstad, Kattabergfjell og Åse. Alle dei 20 postane låg ute heile sesongen fram til slutten av november.

**Nærtrim:** Alle som ville prøva tur-orientering kunne starta med å kjøpa same mappa som inneholdt Barnas o-tur. Her finst fleire enkle tur-o-løyper nær der folk bur. Dette kan gi meirsmak til å eventuelt prøva den store tur-o-konvolutten seinare.

Konvolutten som inneholdt Barnas-o-tur/Nær-trim blei selt i 34 eksemplar. Dette er nokre få færre eksemplar enn i året før.

**Registrering av postbesøk på internett:** Nytt i 2010 var at alle som deltar i turorientering kunne velja om dei ville registrera seg direkte via internett. Kvart postbesøk kunne enkelt kvitterast ut på kvar einskild turgår sin nyopprettet turkonto på internett. 43 deltagarar har registrert seg på nettet. Desse deltagarane har til saman gjort 1066 postbesøk.

**Kulturhistorie/kulturminnepostar:** Fire av tur-postane var særskilt utstyrte med kulturhistorisk informasjon. Same teksten som kunne lesast på oppslag ved sjølve tur-o-posten, blei også lagt ut på heimesida til SOL.

Dette tiltaket har me fått særskilt gode tilbakemeldingar på.

**Kaffipostar:** To søndagar, ein vår og ein haust har gjennom mange år vore utpeika som kaffipostar i Sveio O-lags turorientering. Dette tyder at dei to kaffipostane (tur-o-postane), som held ope berre i tre timer kvar sin søndag, også tilbyr servering av kaffi, saft og kaker i skogen. Kaffiposten i vårhalvåret er blitt ein del av det store arrangementet, Finn Fram dagen. (Sjå omtale seinare i årsmeldinga). Kaffiposten i hausthalvåret blei arrangert i det populære friluftsområdet Slettene søndag 4. september.



Besøk ved SOL's kaffipost i Slettene søndag 4. september 2011.

## Turorientering årsfest fredag 10.februar 2012



To av dei tre jubilantane i den eksklusive gull-klubben, Anne Lise og Reidar Skjerping som saman med Kåre Haukås har besøk meir enn 1000 tur-o-postar dei siste 20 åra.

## På gulljakt i skogen i 20 år

For første gong kunne Sveio Orienteringslag i år dela ut gull og heider til dei mest uthaldande innan turorientering, som har gått til gull 20 år på rad.

Det var tre av veteranane innan turorientering, som har nådde denne adelsklassa, Anne Lise Skjerping, Reidar Skjerping og Kåre Haukås. Fjorårssesongen, 2011, vart den 20. sesongen på rad at dei tre hadde besøkt minst 50 ulike tur-o-postar.

Det tyder at dei tre, gjennom kvar einaste sesong har vore på tur med kart og kompass i skog og mark på ulike stader i Sveio og funne fram til meir enn 1000 ulike tur-postar.

Reidun Haukås var like ved å nå det same ekslusivne målet i fjor, men mangla berre nokre få postar på full score i fjorårssesongen. Det tyder at i løpet av denne nye sesongen, 2012, som startar palmesøndag, kan det bli fleire 20 års jubilantar i Sveio O-lags turorientering.

Under årsfesten med premie- og merkeutdeling i Førde Samfunnshus i fjorre veke blei det også delt ut gullplakettar til dei som har oppnådde gullmerket 15 år på rad og 10 år på rad.



*Dei yngste har sitt eige tilbod innan turorientering. Mellom dei glade merkevinnarane er: Jomar Valen Spångberg, Trym Valen Spångberg, Endre Hetlesæter, Eivind Valen Lie og Inghild Valen Lie. Endre Hetlesæter tok jamvel gullmerke etter å ha besøkt 50 postar i den "vaksne" turorienteringa.*



*Ei solid samling røynde deltakarar i Sveio O-lags turoientering med jubileumsplakettar av ulik valør. Frå venstre bak: Anders Bergmål, Anne Lise Skjerping, Reidar Skjerping, Svein Krunenes og Lilly Krunenes. I fremste rekke frå venstre: Egil Lokna, Lars Birger Bergmål og Eva Lokna.*

42 deltakarar oppnådde gullmerke/plakettar i 2011. 11 deltakarar oppnådde sølv eller bronsemerket i Familieturorientering.

I Barnas-o-tur klarte 15 deltakarar gullmerket, medan 4 av deltakarane oppnådde sølvmerket eller bronsemerket. Sjå lista på nettet [www.sveiool.org](http://www.sveiool.org) over alle merkevinnarane:

## Finn Fram dag på Festningen Tittelsnes søndag 19. juni



Årets Finn Fram dag blei gjennomført i strålende varmt sommarver på Festningen Tittelsnes.

Meir enn 150 unge og eldre deltok. Seks ulike organisasjonar stilte opp med kvar sine aktivitetar langs ei rundløype laga av Sveio Orienteringslag.



**4H**

Dei to 4H-klubbane, Sisu på Tittelsnes/Einstabøvoll og Ørevik 4H stilte med variert program som mellom anna inneheldt hesteskokasting og volleyball. Det kulinariske innslaget frå 4H-klubbane var nygrilla villmarkspølser.



### Sild og poteta

Sveio Kystlag hadde eit alternativt serveringstilbod på sin stand like ved ei av dei store kanonstillingane på den gamle Festningen til okkupasjonsmakta. Her blei det servert lubbesild og poteta.



### Skyting og speiding

Sveio Skyttarlag hadde heile dagen stor pågang av barn og unge som ville nytta høve til å skyta på blink med luftgever. Bua-speidarane bygde ein imponerande portal over gangstien.



## Søndagens sterkaste



På stranda i den idylliske Hestavikjo arrangerte søndagsskulane kåring av søndagens sterkaste. I år hadde søndagsskulane kåring i både herre- og dameklasse. I begge klassar måtte dei tevlande halda ei bøtte med to liter vatn i kvar hand. Bøtta skulle haldast vinkelrett ut frå kroppen så lenge som mogeleg.

Jarle Møllerhaug var mest uthaldande på herresida med nær fire minuttar samanhengande arbeidstid. Men Kristin Svendsbø var ikkje stort dårlege da ho heldt ut med vassbøttene på strak arm i nær tre og eit halvt minutt.



## Sprintløype

Hovudarrangør av Finn Fram dagen, Sveio O-lag, kunne på sin stand tilby ei sprintløype i terrenget der deltakarane kunne få testa kor raskt dei kan springa i terrenget. Tidtakinga skjedde ved bruk av elektroniske brikker.

Dette vart ei særstak populær øving der nær 50 barn og unge gjorde mange forsøk på å slå bestetida.



## Rundløype

Alle aktivitetane som dei ulike medarrangørane stod bak hadde Sveio O-lag teikna inn på seks ulike postar på eit kart, som vart delt ut til alle som møtte på Sveio O-lags sin velkomststand på Festningsplassen. På baksida av kartet, med påteikna løyper, var det sett av plass til eit skjema der deltakarane skulle skriva inn ein kodebokstav henta frå oppslag på kvar post langs rundløypa.

På kvar post var det dessutan hengt opp plakatar med oppgåver i bruk av kart og kompass.

Rett løysing på desse oppgavene skulle også skrivast ned på baksida av løypekartet.



## Premiering og kaffipost

Alle som leverte inn rett svar på desse oppgåvene var med i trekninga av fine premiar. Finn Fram dagen på Festningen Tittelsnes var dessutan vårens kaffipost i Sveio O-lags turorientering.

## **Andre Arrangement**

I april arrangerte SOL o-løp for speidarane under kretsleiren som speidarane heldt på Lier. Johannes og Svein Magne tok seg av løypelegging og arrangement.

I september under Førde-dagane heldt SOL stand med mellom anna aktivitetstilbod som rebus-o-løp på utstillingsområdet og med ei sprintløype med tidtaking ved standen. Nær 30 barn og unge prøvde løypetilboden under Førde-dagane.

## **Utstyr**

### **Løpsdrakter**

Etter minst sju år utan fornying laut det lagast og tingast nye løpsdrakter. Dei nye blei tatt i bruk i fjor. Draktane blei produserte av Trimtex etter vårt design og blei selde til medlemmene for kr. 300 (for vaksne) og kr. 200 for medlemmer under 17 år. Me har framleis nokre drakter på lager.



**Overtrekkdressar:** Det ligg også nokre overtrekkssdressar på lager etter fornyinga i 2009.

**Telt:** Det første tunnel-teltet blei kjøpt inn i Sverige i 2005. Røynslene med denne typen telt er gode. Me har difor kjøpt inn eit liknande telt, denne gongen i gult med påtrykt klubbnamnet vårt. Dette innkjøpet er i første rekke gjort med tanke på gjennomføringa av eigne arrangement. Teltet blei mellom anna nytta då SOL arrangerte kretsløp på Festningen i juni.

**Klubbfana:** For første gong har klubben skaffa seg lagsfane eller klubbfag i 2010. Dette flaget i grønt med Sveio O-lags logo på pluss klubbnamn og teksten: "Me gjere det i skogen", blei produsert hos eit svensk firma. Flaget er blitt nytta under eigne arrangement og når løparar frå klubben deltar i o-løp i inn- eller utland.

**Premie-/gavekrus med klubblogo og namn:** Me har i lengre tid drøfta trøngan for gaveartiklar og premiar med klubblogoen på. I 2010 blei det laga eit nytt krus med påtrykt klubblogo, klubben sitt namn og teksten: "Me gjere det i skogen". Me har investert i eit rikeleg lager av slike som me i fleire år kan spreia med glede til dei som fortener det.

### **Skulebrikker:**

Til elektronisk tidtaking i enkle stemne utan bruk av PC har SOL nå to klassesett med ekt-brikker.

### **Konkurransebrikker:**

SOL disponerer ca 20 EKT-brikker. Me supplerte med 10 nye brikker i 2010.

### **Fingerkompass:**

Klassesett med enkle fingerkompass fekk me frå Gildefondet.

## **Vanlege kompass:** Eit klassesett

Kart:	Tittelsnes Festningen: 1: 10000 Valestrand skule: 1: 2000 Einstadbøvoll: 1: 10 000 Einstadbøvoll 2: 1: 5000 Auklandshamm i målestokk 1:10 000 Auklandshamn skule 1: 5000 Slettene 1: 5000 Førde 1:10 000 Førde nærkart 1: 10 000 Førde nærkart 1: 5 000 Førde Prestabryggjo 1: 5000 Lier 1: 10 000 Førde skulekart 1: 2000 Auklandshamn skulekart 1: 2000 Valestrand 1: 15 000	Årstal ferdig	2009/10 2009/10 2009/10 2009/10 2004 2004 2004 1998 2003 2003 2006 2006 2006 2006 1973
-------	--	---------------	--

**Kart/løypeiteikningsprogrammet:** OCAD 8

**Følgjande postutstyr er på lager i klubben si eiga**

Ca 60 postskjermar i bra stand

Posteininger for tidtaking med EKT:

Postkode:	Postkode	Postkode:	
0 X7	150	173	
97	151	174	
100 X2	152	175	
101	153	176	
102	154	249 x2	
103	155		
104	156		
105	157		
106	158		
107	159		
108	160		
109	161		
110	162		
111	163		
112	164		
113	165		
114	166		
115	167		

116		168	
117		169	
118		170	
119		171	
120		172	
121			
122			
123			
124			
125			
126			
127			
128			
129			
130			

## Tidtakarutstyr:

MTR2 med printer og pc-kabel,

MTR3 med EPR-3(printer) og pc-kabel

2x MTR4 med 1 EPR-3(printer) og pc-kabel(USB)

250-avlesar og USB-avlesar.

Lisens til E-timing

## Sveio O-lag på nettet

[www.sveioool.org](http://www.sveioool.org)

Kristian S. Førde har utvikla og vedlikeheld laget sine nettsider. Her prøver me å leggja ut aktuell informasjon rundt ulike arrangement og hendingar. Me har sikra oss server-plass, som opnar mulegheiter for frodig bruk av bilde. Resultatlister frå eigne arrangement og andre arrangement me har deltakarar i blir lagt ut på heimesidene våre. Nett-ansvarleg Kristian er også IT-ansvarleg under Sveio O-lags konkurranse-arrangement.

